



DU ER INVITERT TIL ARBEIDSVERKSTAD OM TRAFIKKTRYGGLEIK I SOGNDAL KOMMUNE

Sogndal (Quality Hotel Sogndal) - 19. april kl. 19:30

Leikanger (Tinghuset) - 20. april kl. 19:30

Balestrand (Kviknes Hotel) - 21. april kl. 19:30

Det vil bli enkel servering, difor er det fint om de melder dykk på [her](#) innan 5. april.

Sogndal kommune startar no opp arbeidet med trafikktryggingsplan for heile kommunen. I samband med dette ønskjer vi ein god prosess med påverknad og innspel frå heile kommunen.

Vi vil arrangere arbeidsverkstad for Balestrand, Leikanger og Sogndal i april, og oppfordrar folk til å møta opp der dei meiner dei høyrer heime. Me inviterer særskilt barnehage- og skuleleiing, FAU og andre interessegrupper til å meina noko om innhald og tiltak i planen.

På arbeidsverkstadene ønskjer vi at alle har tenkt gjennom utfordringar og løysingar på førehand. Dei som representerer andre (FAU, grendelag, vel osv), bør ha hatt ein god gjennomgang internt før dei møter på arbeidsverkstad.

Spørsmåla vi ønskjer de skal sjå på er:

1. Er det fungerande hjertesoner? Kva må til for at dei skal fungere?
2. Korleis kan barna sin veg til barnehage og skule bli tryggare? Er det særskilte utfordringar du ser knytt til skulevegen?
3. Kvar ser de særlege utfordringar for gåande og trillande i vinterhalvåret?
4. Kvar ser de særlege utfordringar for gåande og trillande i sommarhalvåret?
5. Anna?